

Ekspertgruppe Universitetsakkreditering

Dykkar referanse	Vår referanse	Vår sakshandsamar	Vår dato
	22/01134-2	Johann Roppen, Johann.Roppen@hivolda.no	18.10.2022

Innspel til ekspertgruppe om universitetsakkreditering frå Høgskulen i Volda

Høgskulen i Volda viser til pressemelding frå Kunnskapsdepartementet 11. mai 2022 om nedsetting av ekspertgruppe og mandat for ekspertgruppa.

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/ekspertgruppe-skal-vurdere-reglene-for-a-bli-universitet/id2912267/>

Vi viser også til informasjon på nettsidene til KD der ekspertgruppa inviterer til innspel:

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/ekspertgruppen-for-akkreditering-av-universiteter-og-hoyskoler-ber-om-innspill/id2928895/>

Høgskulen i Volda meiner det er viktig og bra at det blir arbeida med desse spørsmåla i lys av erfaringane mange institusjonar i sektoren har fått med søknadsprosessar og den internasjonale utviklinga.

Vi har i mange år hatt ei felles lov for høgskular og universitet, eitt felles akkrediteringssystem og ei rekke andre felles institusjonar som til dømes Universitets- og høgskulerådet. Det er altså meir som er felles for høgskular og universitet enn det som skil dei frå kvarandre. Sett utanfrå kan det difor oppfattast som eit skilje mellom høgskular og universitet som er vanskeleg å forstå.

Universitetsprosessane landet rundt har fungert mobiliserande først og fremst for regional støtte til utvikling av høgskular som har hatt universitetsambisjonar men i liten grad ført til nasjonal omprioritering av midlar. Vi oppfattar dette som ein nasjonal politikk som har tverrpolitisk støtte og der universitetsstatus i seg sjølv ikkje har hatt ein direkte kostnad på Kunnskapsdepartementets budsjett, og reknar heller ikkje med at det vil bli endra i framtida. Vi meiner også at universitetsstatus bør handle om kvalitet og ikkje ver eit verkemiddel for andre mål, som til dømes strukturelle endringar i sektoren.

I mange år var det fire universitet i Noreg, avgrensa til byane Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø. Med utviklinga i nye universitet med mange mindre studiestader ser vi at mange små fagmiljø på mindre studiestader no har fått universitetsstatus ved at morinstitusjonen har vorte universitet. Dei tre universiteta Tromsø, Nord og USN har til saman nesten 30 studiestader, nokre av dei er nødvendigvis

svært små. Denne utviklinga står i kontrast til at sterke fagmiljø på andre høgskular ikkje har universitetsstatus. Dette gir eit kunstig skilje mellom universitet og høgskular og gjer også universitetsbegrepet utydeleg. Vi meiner ikkje det er vegen å gå stille kvantitative krav til kvart einaste lokale fagmiljø eller studiestad, men at ein heller bør tenke i den andre retninga og vurdere ein felles tittel.

Strategisk sett er det ikkje eit uttalt mål for Høgskulen i Volda å bli universitet, og med dagens kriterier er det heller ikkje eit realistisk mål det neste tiåret å få mange nok og store nok doktorgrads-utdanningar. Men vi vil følgje vår vedtatte strategiplan basert på vurderingar av regionale behov og eigen kapasitet og ambisjonar. Vi vil blant anna søke akkreditering av ein doktorgrad nummer 2, ved sidan av fellesgraden vi har i dag.

I dette innspelet vil vi peike på det vi meiner er nokre sentrale sider ved denne viktige debatten og som vi håper ekspertutvalet vil ta opp.

Nasjonale retningslinjer vs internasjonal praksis

Dei særnorske reglane for akkreditering av universitet ikkje lenger er tenlege nasjonalt eller internasjonalt. Som kjent stiller EUA (European University Association) som krav for å bli medlem at ein institusjon har minst eit ph.d.-program.

Vi meiner dette kriteriet kan vere fullt brukbart også i Noreg, med dei strenge reglane vi har for akkreditering av doktorgradsprogram. Ein institusjon bør få kunne kalle seg universitet om ein har akkreditert utdanning på doktorgradsnivå på eit sentralt fagområde for eigen institusjon. Kvalitetsarbeidet og det faglege nivået som krevst for å oppnå dette oppfatar vi som å vere i tråd med det vanlege universitetskriteriet internasjonalt og er også i tråd med dei norske kriteria for å bli Vitskapleg høgskule.

- Leiinga ved Høgskulen i Volda oppmodar utvalet til å arbeide for at norske universitetskriterier er mest mogleg i tråd med internasjonal praksis og vanlege oppfatningar av universitetsbegrepet.

Uklare universitetskriterier

Erfaringane med dei "nye" universiteta og dei som har søkt universitetsstatus dei siste åra tyder på at kriteria for å bli universitet ikkje er tenlege. Dels er kriteria utydleg formulerte og dels er kriteria opne for justeringar og tolkingar. På den andre sida framstår kriteria også som svært bastante i kvantitativ tyding.

Resultatet av dette gir oss inntrykk av at både institusjonar som søker universitetsakkreditering brukar svært mykje tid og krefter på å oppfylle kriterier som heile tida er i endring og også eit akkrediterings-system som framstår som politisk styrt.

Det viktigaste dømet på dette er nok kriteriet for talet på produksjon av doktorgradskandidatar der ein einskild kandidat til eller frå kan vere avgjerande for om ein søknad blir sendt eller ikkje. Motsett ser vi at om det er sterk politisk vilje til å få gjennomført ein universitetsambisjon så kan reglane bli justerte andre vegen.

Dette skaper uføreåttseielege kriterier for institusjonane og mindre tillit til at systemet eller dei kvantitative kriteria eigentleg handlar om fagleg kvalitet .

Vi har også sett døme på at eit universitet med fire doktorgradsprogram har slite med å oppretthalde ein av fire doktorgrader og stått i fare for å miste universitetsstatusen. Det er vanskeleg å sjå at slike kvantitative kriterium har så mykje med den verkelege kvaliteten på fagleg arbeid ved dei aktuelle institusjonane, anten dei no er like over eller like under kriteria. Ut frå dette er det all grunn til å spørje om universitetskriteria i dag er tenlege og fungerer stimulerande på faglege kvalitet og utvikling på institusjonane.

Fellesgrader har ingen status i det nasjonale akkrediteringssystemet for institusjonar som ikkje alt er doktorgradsgjevande. Dette oppmuntrar ikkje til nasjonalt samarbeid og arbeidsdeling eller til tverrfagleg orientering.

Høgskulen i Volda har sidan 2015 hatt ein fellesgrad innanfor helse- og sosial, men blir ikkje rekna som doktorgradsgivande institusjon etter gradsforskriften sidan vi samarbeider med ein institusjon som alt er doktorgradsgjevande. Og det er sjølv om dei to institusjonane er likestilte i arbeidet med doktorgraden. Vi har tidlegare argumentert for at dette er eit døme på at gradsforskriften er utdatert.

Ut frå desse erfaringane har vi følgjande konklusjon:

- Høgskulen i Volda oppmodar utvalet til å arbeide for at universitetskriteriet blir klarare og enklare og forholde seg til, og at fellesgrader også blir teke med i vurderinga.
- Høgskulen i Volda er kjent med og støttar framlegget til Høgskolen Kristiania om å stille som kriterium at institusjonar skal ha ein grad med 5 ph.d.-kandidatar pr år, eventuelt to grader (inkludert ein fellesgrad), med minst 2 ph.d.-kandidatar pr grad pr år over tid.

Krav om stipendiatar

I seinare tid har det kome til eit krav om at det berre er tilsette stipendiatar som skal teljast med i vurderinga av programma.

Høgskulen i Volda har i mange år hatt interne kompetansebyggande tiltak der fagleg tilsette får nytte forskingstid til å arbeide fram mot doktorgradskompetanse. Møre og Romsdal er blant fylka i landet med færrast med lang høgare utdanning og tilsvarande få med doktorgrad. Det betyr at vi i stor grad må utvikle våre tilsette sjølve for å heve kompetansen. Det er ikkje andre regionale institusjonar som kan løyse den oppgåva på våre fagområde.

Vi har gode erfaringar ved at mange tilsette både får doktorgrad og seinare også toppkompetanse gjennom slike interne ordningar. Vi meiner difor det er nødvendig og verdifullt å rekne med slike doktorgradsstudentar saman med ordinære stipendiatar i full stilling når ein skal vurdere storleik på eit doktorgradsprogram. Vi oppfattar det også slik at dette også opnar for framtidige meir fleksible ordningar i samarbeid med arbeidslivet, jf ordningane for offentleg- og nærings-ph.d.

- Det faktiske tal ph.d.-studentar bør leggst til grunn i vurderinga av programma.

Akkreditering av lærarutdanning

Høgskulen i Volda arbeider med ein doktorgrad innanfor utdanningsområdet, som er eit viktig fagområde for Høgskulen i Volda, og eit naturleg felt for oss å søke doktorgradsakkreditering på. Eit element i akkrediteringa er at vi søker å oppnå sjølvakkreditering av våre lærarutdanningar. Her er det ingen kriterier oppsett på førehand, men dette vil bli vurdert samtidig eller etter at søknaden har blitt vurdert. Her saknar vi klarare kriterier.

Nye doktorgrader skal på den eine sida finne si eiga nasjonale nisje – noko talar for skarp nasjonal profilering. Men på den andre sida har lærarutdanningar nasjonale rammeplanar – noko som talar for mest mogleg fagleg fellesskap, altså det motsette av å finne si nisje.

- Det bør vere klare kriterier for at ein akkreditert doktorgrad også gir akkreditering for underliggande fagområde

Med helsing
Leiinga

Underskriver 1
tittel

Johann Roppen
Rektor

Dokumentet er elektronisk signert.

Kopi til: Leiinga v/Odd Helge Mjellem Tonheim, Leiinga v/Ann Kristin Emblem